Herrem, Arnhild

Fra: Læringsmiljøansvarlig <laringsmiljo@studenttinget.no>
Sendt: 3. mai 2018 19:29
Til: Herrem, Arnhild
Emne: Høringssvar frå Studenttinget NTNU - Planprogram for samlet campus i Trondheim
Vedlegg: Studenttinget NTNU - Høringssvar - Planprogram for samla campus i Trondheim.docx

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei Arnhild,

Her er høringssvaret frå Studenttinget NTNU. Sjå vedlegg.
--
Stig-Martin Liavåg
Læringsmiljøansvarlig
Studenttinget
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Alfred Getzv. 3, 7491 Trondheim

NTNU
STUDENTTINGET
- studentens stemme

Arnhild Herrem,
WSP Norge,
Granåsveien 15B, 7069 Trondheim

Vår dato 03.05.18	Ref.nr./05/2018	Sakshandsamar: Stig-Martin Liavåg

HØRINGSSVAR: NTNU - PLANPROGRAM FOR SAMLA CAMPUS I TRONDHEIM

Studenttinget takker for moglegheita til å kome med innspel på denne høringa.

For å kunne skape ein felles NTNU-kultur og identitet som alle studentar kan vere stolte av og ta del i, er det viktig at koblinga mellom campusområda i Trondheim opplevast som samlande. Gløshaugen har i lang tid ikkje blitt opplevd som inkluderande av studentar utan tilhøyrsle der, og byen forøvrig, og må difor åpnast opp. Ein positiv konsekvens av dette vil vere at campus opplevast som meir urbant og levande.

Samlinga må vere reell for å knytte saman eksisterande campus på Gløshaugen, Øya, Kalvskinnet og Valgrinda. Elgesetergate må òg opplevast i mindre grad som ei barriere, som er uheldig for mobilitet og transport mellom ulike campusar.

Gjennom vår campuspolitiske plattform har Studenttinget bestemt seg for at nybygg og fortetting må gjerast på ein måte som ikkje bidrar til å øydelegge grøne lunger og fritidsområde. Eksisterande parkareal må utbedrast og forvaltast betre enn i dag. Studentane sin kvardag følgjer ikkje normal arbeidstid og det må vere trygt å bevege seg på campus. Ingen skal vere redd for å benytte parken. Difor må NTNU og Trondheim kommune samarbeide for å betre belysning, tilgjengelegheit og fysisk utforming i eksisterande parkareal. Dette gjeld spesielt på vinteren og kveldstid, òg på somme område på sjølve Gløshaugen. Universell utforming er eit prinsipp som må stå til grunn ikkje berre på innsida av bygg, men òg innad og mellom ulike campusområde.

Studenttinget ønskjer spesielt å prioritere utgreiing i følgjande område:

- Vestover mot Elgesetergate gjennom område N (Hesthagen) og O (Vestskråninga i sør)

Postadresse:
Studenttinget NTNU
Alfred Getz' vei 3
N- 7491 Trondheim

Besøksadresse:
Rom 121
"Stripa"
Gløshaugen

Telefon:
73 59 32 88
Telefaks:
73 59 14 44

E- post:
sti@studenttinget.no
Hjemmeside:
www.studenttinget.no

- Nordover langs D (Fengselstomta), E (Riksarkivet), F (Trekanttomta), G (Grensen) mot Studentersamfundet

Studenttinget ønskjer òg utgreiing av

- Sør for Realfagbygget, nord for jernbanelinja, inkludert område V (parkeringsplass)
- Område R (Skiboli-tomta)

Sakshandsamar vil presisere at vi i denne drøftinga ikkje veljer *eitt* alternativ, og heller presenterer vårt synspunkt på dei ulike alternativa kvar for seg:

Vest mot Elgesetergate

Studenttinget ønskjer eit nybygg som ikkje er eit nytt idrettsbygg på tomt N som i dag er parkeringsplass. Eit eventuelt idrettsbygg på denne tomta og det nye Elgesetergate 10 vil føre til ein for høg konsentrasjon av idrettsbygg vest for Gløshaugen.

Vestskråninga i sør består per dags dato av parkareal med ein oppvarma gangveg. Øvrig parkareal blir òg brukt av studentar til grilling, og aking blant innbyggarane. Området framstår som ein barriere frå perspektivet om universell utforming grunna eit svært bratt parti. For fotgjengarar som er uføre, i rullestol, går med krykker osv. kan denne delen av parken opplevast som særs utfordrande, og må utbetrast i framtida.

Nord mot Studentersamfundet

Utbygging nordover i relevante område langs Høgskoleveien vil gjere strekninga meir tilgjengeleg og vil i større grad gi ei campuskjensle enn i dag. Den opplevde distansen frå Gløshaugen og ned mot sentrum og Kalvskinnet vil bli kortare. Høgskoleveien kan òg fungere godt som hovudfartsåre frå Gløshaugen til Øya dersom folk har ein grunn til og ønskjer å velje denne ruta, sjølv om ein ikkje tar ein «snarveg» gjennom parkareal.

Studenttinget ønskjer utbygging av Studentersamfundet på fengselstomta og KAM-senteret på Grensen.

Sør for Realfagbygget, nord for jernbanelinja

Studenttinget vil støtte Rådmannen sitt utsegn om at området ikkje har stor nok «måloppnåelse for å bidra til en urban, bærekraftig og byintegrert campus». Området har likevel potensial for utbygging av større bygg, og vil betre binde saman fagmiljø

Postadresse: Studenttinget NTNU, Alfred Getz' vei 3, N- 7491 Trondheim
Besøksadresse: Rom 121, "Stripa", Gløshaugen
Telefon: 73 59 32 88
Telefaks: 73 59 14 44
E- post: sti@studenttinget.no
Hjemmeside: www.studenttinget.no

NTNU
STUDENTTINGET
- studentens stemme

som i dag finst, og vil bli flytta, sør til Valgrinda. Området vil òg opplevast som tilgjengeleg for studentar som bur på Lerkendal og Berg studentbyar, og dertil Strindvegen og SINTEF sine kontor kan bidra til betre integrasjon i eksisterande transportnettverk, fagmiljø og infrastruktur. Studenttinget meiner at eit nytt idrettsbygg kan byggast her.

Skiboli

Dette området blir sett på som ein god kandidat for fortetting. Bygget som står der i dag blir disponert av Fakultet for arkitektur og design, og blir brukt av studentar på fakultetet til faglege og sosiale arrangement, som utstillingar, og har ein stor tradisjonsberande funksjon for studiemiljøet. Dersom området skal bli fortetta meiner Studenttinget at det er heilt essensielt at studentane og fakultetet får areal som er ein verdig eller betre erstattar for funksjonane i dagens noverande Skiboli.

Mvh
Studenttinget NTNU v/
Læringsmiljøansvarleg Stig-Martin Liavåg

Postadresse:
Studenttinget NTNU
Alfred Getz' vei 3
N- 7491 Trondheim

Besøksadresse:
Rom 121
"Stripa"
Gløshaugen

Telefon:
73 59 32 88
Telefaks:
73 59 14 44

E- post:
sti@studenttinget.no
Hjemmeside:
www.studenttinget.no